

DET NORSKE TEATRET



RIKSTEATRET

TIDSSKRIFTET

KUNSTEN IDAG

Et billedverk over vår tids kunst.

KUNSTEN IDAG

som blir omtalt som skandinaviens vakreste tidsskrift, går nå inn i sin femte årgang. Tidsskriftet utkommer med fire store hefter årlig. Abonnementet kan tegnes hos Deres bokhandler eller direkte i Galleri Per, Kr. Augustsgt. 19, Oslo.

Årsabonnement kr. 35,—

UTGITT AV GALLERI PER
REDAKTØR PER ROM

b15g 014512

Det norske Teatret — Riksteatret

Mange turnéselskap og turnéar frå dei faste teatra har fram gjennom tida haldi framsyningar kring i Noregs land. Blant dei har Det Norske Teatret gjort den største innsatsen, eit førebuingsarbeid som Riksteatret alltid skal vera takksam for.

Dei fyrste framsyningane til Det Norske Teatret vart haldne på turné. Med Hulda Garborg og den noverande sjefen for teatret, Edvard Drabløs, i brodden hadde det den fyrste premieren sin i Kristiansand i 1913. Og sidan har teatret spela mange tusen framsyningar på små og store scenar, i bygd og by.

Så kom Riksteatret. Det Norske Teatret held fram med turnéane sine, no i samarbeid med oss. Slik skal det vera no, etter at lova om Riksteatret tok til å gjelde, og etter stortingsvedtaket om at alle teater med statsstønad har plikt til å reise på ein turné kvart år. Men i denne sesongen har Det Norske Teatret teki på seg meir enn denne turnéplikta. Teatret reiste i haust med «Manns kvinne» av Vilhelm Moberg, det høgtida Garborgjubiléet med ein turné med «Læraren». No reiser teatret med Eugene O'Neills spanande og gripande drama «Anna Christie». Seinare på våren kjem endå ein turné ut og då har teatret haldi 70 framsyningar i samarbeid med Riksteatret i denne sesongen, fire av dei beste skodespela teatret fyrst har spela i Oslo. Riksteatret er glad for at desse gode framsyningane kjem på turné, og vi nyttar høvet til å takka Det Norske Teatret for den store innsatsen og for samarbeidet.

Frits von der Lippe.

Sjef for Riksteatret.

Har De lese SYN OG SEGN?

Meir enn eit dagblad, mindre enn ei bok. — Ikkje alt om eitt emne, men mykje om mange.

10 hefte for året kr. 15,00

Kvart hefte 48 sider kr. 1,75

DET NORSKE SAMLAGET

Ekspedisjon NOREGS BOKLAG, Oslo.

.....

Anna Christie

Skodespel i 4 akter av *Eugene O'Neill*

Til norsk av *Ragnvald Skrede*

Regi og dekor: *Arne Walentin*

Dei som spelar:

Larry, bartender *Pål Bucher Skjønberg*

Chris. Christopherson,
kaptein på «Simeon Winthrop» .. *Lars Tvinde*

Marthy Owen *Astrid Sommer*

Anna Christopherson, dotter til Chris *Tordis Maurstad*

Mat Burke, ein fyrbøtar *Øyvind Øyen*

Pause etter 2. akt.



Slå ring om kornneket —


Vårt merke

Kornneket er symbolet på samhold og samkjensle.

— **NORGES BONDELÅG** —

Eugene O'Neill.

«Anna Christie» er eit av dei fyrste skodespela som Eugene O'Neill vann seg verdsnamn med. Fyrste versjonen vart skriven i 1920, med tittelen «Chris Christopherson», og dette vart året etter lagt til grunn for «Anna Christie». Same året skreiv han og «Keisar Jones». Desse to skodespela er svært ulike når det gjeld form og teknikk, men dei renn ut or ei sams dramatisk kjelde: opplevinga av dei primitive grunnkreftene i menneska, — miljø- og karaktermotsetnader som rasar ut i veldig ofse, og brenn ned i trøytt melankoli.




Eugene O'Neill vart fødd i ein skodespelarfamilie (1888), og han freista seg og i unge år som skodespelar. Men eventyrlengten dreiv han ut, han ville oppleva det mangfelte heimlandet sitt med eigne røynsler. Etter å ha freista seg som gullgravar i Honduras (om livet der skreiv han skodespelet «Gull»), drog han til sjøs, og kom då til mange av dei store hamnene der sjømannslivet synte seg for han med dei minst romantiske sidene. Han lærde at sjømannen både elska og hata sjøen, som var sjøve lagnaden for han, — den som var komen sjøen i vald, fann sjeldan varande heimstad på landjorda. Hamnene blir små helvete der han legg att pengane sine, og får nokre beiske minne til vederlag.

Ut av dette mangslungne og hardbeitte livet skapte O'Neill dei tre leiande skapnadene i «Anna Christie»: Chris, Anna og Mat. Om han har hatt noka meining med å gjera dei to fyrste til svenskar, veit vi ikkje for visst. Men han har tydeleg sett dei som ættingar etter vikingane, og han har vel meint å streka under den primitive villskapen med det, — men kanskje og dei sterke kjenslene mellom far og dotter. — Mat Burke er irlending, og han er visseleg den mest primitive av dei båe i hått og framferd.

— «Anna Christie» er det fyrste moderne skodespelet som har tolka sjømannslivet for alvor, — både naturalistisk sant, og med ein dåm av fjern romantikk. Derfor har det og vorti eit av dei stykka til O'Neill som er mest spela. Mest kjent har det elles vorti gjennom filmen, der Greta Garbo hadde ei av dei beste ungdomsrollane sine.

«Anna Christie» er fjerde skodespelet av O'Neill på Det Norske Teatret. Før har teatret spela «Alle guds born har vengjer» (1931), «Bak horisonten» (1937) og «Ungdoms villmark» (1949).


O. D.



Lars Tvinde




Tordis Maurstad




Øyvind Øyen



Astrid Sommer



Pål Bucher Skjønberg



Arne Walentin

*Les Landets friskeste ungdomsblad,
ukebladet «Unge Høire»*

Bringer hver lørdag skarpe kommentarer til
de politiske begivenheter i inn- og utland.

Pris: kr. 10,— pr. år. • Adr. Stortingsgaten 20, Oslo.

— K J Ø P E T A B O N N E M E N T I D A G —

music
GRAMMOFONPLATER

HØR DAGENS MELODI:

Kjærlighetskarusellen

Den norske grammofonplaten fåes hos
landets musikkhandlere.

Presangen til alle musikkinteresserte.

«På norsk er ikke tidligere kommet en så rik bok på dette område. Den anbefales alle, både legog lærd, som vil utvide sitt kjennskap til musikk. Særlig de som er blitt mer eller mindre musikkteoretisk sterile av alle de knusktørre bøker som man måtte være kommet bort i, har her en utmerket anledning til å tilføre sin musikkinteresse ny og oppkvikkende næring.»

K. V. i Farmand.

JON MEDBØE:

OM FORMEN I MUSIKKEN

Utgitt av UNIVERSITETETS STUDENTKONTOR

Bestill boken hos Deres bokhandler i dag!



S. B. S. er den helsemessige sett beste og
riktigste sitteplass i skolen idag!


Stol og bord stillbare i høyden!

Stø og solid!

NORSKE INDUSTRIARTIKLER A.S

Akersgaten 28

Oslo



SENSASJONEN *Kurér*

KURÉR er to apparater i ett. — For lysnett og batteri.

Ta den med over alt. Den er like god på tur, på reise, på hytta som hjemme. Den tar de mest fjerntliggende stasjoner uten tilkobling av antenne og jordledning.

KURÉR er markedets mest etterspurte mottaker

Kr. 366,—

RADIO  **NETTE**

Verden i levende toner